# Årsmelding Sandsøy IL 1996.

Styret i Sandsöy IL har vore samansett slik i 1996: Petter Sande (leiar), Åge Worren (nestleiar), Svein Helge Bringsvor (kasserar), Jan Håkon Støyle og Endre Vorren.
Medlemstalet er 65, dette er ein svak nedgang samanlikna med 1995.
I løpet av året har laget halde sju styremøte.
Reint sportsleg er det nok ein gong fotball og trim som dominerer. Viser for øvrig til eige årsmelding for trimgruppa.
Den største skilnaden i år samanlikna med tidlegare på 90-talet, er at Sandsøy IL ikkje har hatt eige seniorlag for menn.
Eit samarbeid med Kvamsøy IL har likevel ført til at spelarane frå Sandsøy har hatt godt tilbod for seniorfotball.
Vi har samarbeid også for B-laget, som har spelt dei fleste heimekampane i Oshaugane.

---

Laget satsar i staden på å gje eit tilbod til yngre fotballspelarar. Miniputtlaget har vore påmeldt i kretsserien, med Tor Arne Bringsvor som trenar. Det verkar som desse årsklassene har eit godt tilbod, reint sportslig er det ikkje vanskeleg å sjå at spelarane har utvikla seg.
Kanskje kan vi også melde på eit lag nummer to i kretsserien neste år. Vi får vurdere det dei komande vekene.

Av arrangement Sandsøy IL har stått bak i år, kan vi nemne bingoen som vi no samarbeider med ungdomslaget om. Etter ein litt treg start i haust, har talet på bingo-deltakarar teke seg opp i det siste.
I vår arrangerte vi dans (18. mai), og den tradisjonelle tombolaen tidlegare på våren gav denne gang svært godt resultat.

---

Larsnes IL bydde inn til fotballgalla i haust, der Sandsøy IL stilte opp med eigen programpost på ein kveld som vart svært vellukka.

---

Anleggsmessig har vi sytt for at klubbhuset har fått to nye strok maling i haust. Det har vore drøfta å gruse opp att fotballbana, utan at noko har skjedd så langt. På sikt kjem vi likevel ikkje utanom denne større oppgava.

---

Litt meir om det sportslege: Tidlegare i vinter (etter jul) var det eigne trimkvelda for fleire grupper i gym-salen. Vi bør også nemne at nokre yngre fotballspelarar har vore med på andre klubbar denne sesongen.

Sandshamn, 21. november 1996, Gudrun Øvre